

## Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Onsdag 14. september 2022, kl. 12:00-15:00.

Stad: Bergen, Campus Kronstad 2 (Inndalsveien 28), møterom 461.

### **Deltakarar:**

Randi Skår (dekan)

Therese Bøyum (sekretær)

### Eksterne representantar:

Marianne Clauda Bjørkly (kompetansekoordinator/Prosjekt Økt kompetanse, NAV Fylkeskontor Vestland)

Olav Klausen (administrerende direktør i Helse Fonna)

Kari Øritsland (Senior Forretningsutviklar/Kundeansvarleg samfunnsutfordringar, VIS innovasjon) (varamedlem)

### Interne representantar:

Lovise Haugen Wiik (rådgivar)

Eireen Finden (høgskulelektor)

Merete Røthing (førsteamanuensis)

Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis)

### Studentar:

Hilde Almås Bø

### **Forfall:**

Elin Wetås Jara (KS)

Sverre Simen Hov (Bergen Næringsråd)

Maria Knudsen (student)

### Til orientering:

Medlemmane som meldte forfall til møtet, fekk tilsendt sakslista i forkant av møtet, som grunnlag for å kunne kome med innspel til sakene.

Sak	Saks-type <sup>1</sup>	Dokument/saksframlegg	Kva skal skje i møtet?	Tentativt tidsskjema
Oppstart av møtet, med lunsj og kaffi/te	O		Oppstart av møtet, med lunsj og kaffi/te.  Presentasjon av møtedeltakarar.	30 min
Sak 1/22:  Mandat for fakultetsråd	O	<a href="https://www.hvl.no/om/organisering/fhs/fakultetsrad/">https://www.hvl.no/om/organisering/fhs/fakultetsrad/</a>	Orientering ved dekan.  Gjennomgang av fakultetsrådets mandat, rolleforståing og forventningsavklaring blant rådet sine medlemmar.	30 min

#### Referat i sak 1/22: Mandat for fakultetsråd




Dekan orienterte om at det er gjort endringar i mandatet sidan førre rådsperiode. Det har vore ein felles prosess i HVL, med å revidere mandatet og samansetnad av fakultetsråda. Evaluering frå førre rådsperiode, synte at det var behov for å styrke det eksterne perspektivet ytterlegare, slik at vi best mogleg kan styrke samfunnsrelevansen i fakultetet si verksemd. Endring i samansetnad reflekterer dette, og det er no like mange eksterne og interne representantar i rådet (i førre periode var det ei overvekt av interne). Det er også opna opp for at rådet sjølv kan velje sin leiar, og at denne kan vere ekstern.


Samansetjinga av fakultetsrådet er viktig, med både fagtilsette og administrativt tilsette, studentar og eksterne deltakarar. Dekan oppmoda representantane som var med i førre rådsperiode, om å melde si interesse for å vere med i fortsettinga. Det er ein fordel med kontinuitet i rådet, samstundes som det er verdifullt med nye perspektiv frå nye medlemmer. Det er difor gledeleg at vi både har med oss representantar og vararepresentantar frå førre periode (inn i dette rådet), og at det er rekruttert inn nye medlemmer.

Når det gjeld rolleforståing og forventningsavklaring så synte evaluering av førre rådsperiode ei usikkerheit blant dei interne representantane om i kva grad det var forventa at ein skulle representere sine fagmiljø og formidle vidare sakene frå fakultetsrådet. Fakultetsrådet er eit rådgjevande organ som skal bidra til å belyse saker som elles blir behandla gjennom medverknad i møter og utval i fakultetet. Det er difor ikkje forventa at representantane i fakultetsrådet skal legge fram synspunkt frå sine miljø eller kollegaer, eller bringe vidare saker frå rådet og ut i sine fagmiljø.

Fakultetsrådet tok mandatet til etterretning.

<sup>1</sup> D = Drøftingssak O=orientering

Sak 2/22:  Organisering av FHS	O	<a href="https://www.hvl.no/om/organisering/fhs/">https://www.hvl.no/om/organisering/fhs/</a>   Strategi for FHS 2019-2023.pdf   Årsplan FHS 2022.pdf  (dobbelklikk på vedlagte element, for å åpne det)	Orientering ved dekan.  I saka vert fakultetsrådet orientert om organisering av Fakultet for helse- og sosialvitenskap.	30 min
<p><b>Referat i sak 2/22: Organisering av FHS</b></p> <p>Dekan orienterte rådet om organisering og utvikling av fakultetet. Vedlagt finn de presentasjonen som vart synt fram i møtet.</p> <p>Fakultetsrådet tok saka til etterretning og takka for presentasjonen.</p>  Fakultetsrådet FHS 14.september 2022.ř				
PAUSE				Cirka  kl.13:30- 13:45
Sak 4/22:	D		Fakultetsrådet skal vere eit rådgjevande organ til fakultetet i overordna, strategiske saker som dekan legg fram. Rådet kan også på eige initiativ løfte fram saker av strategisk karakter.	20 min  14.05

Kva område ynskjer fakultetsrådet å bli involvert i?		 Saker som var oppe i førre fakultetsråd (20'  (dobbelklikk på vedlagte element, for å opne det)	Dekan vil gjerne ha innspel på kva område fakultetsrådet ynskjer å bli involvert i.  Vedlagt finn de oversikt over saker som har vore oppe i førre fakultetsråd (2019-2021).  Dersom det er særskilte saker som peikar seg ut, under drøftinga i møtet, kan rådet bli samde om forslag til saker som bør behandlast i neste møte.	
--	--	--	---	--

#### Referat i sak 4/22: Kva område ynskjer fakultetsrådet å bli involvert i?


Innspel frå fakultetsrådet:

- HVL arbeider mot å bli universitet, og det er planlagt å sende søknad til NOKUT i 2023. Ekstern representant ytrar ynskje om at rådet får ein statusrapport på korleis HVL og FHS ligg an i arbeidet med universitetsprosjektet (det kan til dømes vere aktuelt å invitere inn prosjektleiar i eit av møta til fakultetsrådet). Representanten påpeikar at HVL har eit godt argument i sin søknad om universitetsstatus, når det gjeld breidde i utdanningstilbod og det tette samarbeidet med kommunane. Vedkommande trekk særleg fram at HVL har ingeniørutdanning, som ein av få institusjonar, og at FHS bør dyrke samarbeid med ingeniørutdanninga.
- Det skal utarbeidast ny verksemdsstrategi for HVL 2023-2030. Utviklinga av strategien vil vere ei aktuell sak for fakultetsrådet.
- Intern representant melder interesse for strategiarbeid, herunder forskning, samhandling og samarbeid. Representanten stiller fleire spørsmål, som kan vere aktuelle til drøfting seinare: Kva tiltak blir sett i gong for å redusere avstanden mellom korleis vi samarbeider, og korleis vi ynskjer å samarbeide? Korleis skal HVL klare å kome seg inn i forskingssamarbeidet? Kor er det forskingssamarbeid (synleggjering)? Representant ynskjer innsikt i kva som kjenneteikner dei sterke forskingsmiljøa (ingeniør blir nemnt som eit sterkt felt). Representant har inntrykk av at forskingsarbeidet i helse- og sosialfag kan framstå noko skjerma. Det kjem forslag om å invitere ein av forskingsleiarane inn i eit møte med fakultetsrådet, og/eller prodekan forskning. Dette kan gje eit godt grunnlag for drøftingar.
- Ekstern representant fortel at ein blir oftare introdusert for forskingssamarbeid frå austlandet, og stiller spørsmål ved kvifor forskingssamarbeidet ved HVL ikkje er meir synleg. Det blir gjort så mykje bra arbeid, men det må dokumenterast og synleggjerast. Representanten stiller også spørsmålsteikn ved kvifor HVL ikkje får ein større andel av tilgjengelege forskingsmidlar.

- Intern representant påpeiker at det er fleire barrierar som kjem i vegen for å søkje på forskingsmidlar, og nemner at store prosjekt er for tidkrevjande til at det kan prioriterast av vitskapleg tilsette.
- HVL arbeider med å verte meir synleg for omverda, blant anna på HVL.no. Det kan vere nyttig å få innspel frå rådet på korleis FHS kan verte meir synleg for omverda.
- Dekan gav rådet ei oversikt over risikobilete i fakultetet, knytt til strategiområda i styrets årsplan (jamfør presentasjon vedlagt i sak 2/22). Ekstern representant ynskjer å sette dette opp som sak i framtidig møte. Kva tiltak settast inn for å redusere risiko? Kva er handlingsrommet, og kor er det urealisert potensiale?
- Eit av risikoområda er knytt til at HVL er ein fleircampusinstitusjon (fem campus), og om vi klarar å tydeleggjere profilar som utnyttar den einskilde campus sine kvalitetar, samstundes som vi klarer å utnytte krafta det gjev oss å ha eit samla kompetansmiljø i HVL. Intern representant gir innspel om at ein ynskjer å følgje dette arbeidet vidare, og ser gjerne at saka settast på sakskartet til fakultetsrådet.
- Ekstern representant påpeiker at HVL posisjonerer seg som ein praksisnær institusjon, og som syner sterk satsing på innovasjon og regional utvikling, og oppmodar FHS til å jobbe målretta med dette i fortsettinga.
- Andre strategiske satsingar som er aktuelle for fakultetsrådet: livslang læring og internasjonalisering.
- Det er naturleg å sette av tid til budsjettet, etter at etter at dette er fastlagt av styret i HVL (styresak 24.november).
- Det kjem innspel om revisjon av tenestekjøpsavtalen i VIS. Arbeidet med denne avtalen ligg i fellesadministrasjonen i HVL, men dekan vil følgje opp innspelet.
- Rådet ytrar ynskje om at det vert invitert inn gjester i møta, for å belyse dei aktuelle sakene som settast på dagsorden. Dette vart vurdert som velfungerande i førre rådsperiode.
- Det kjem forslag om at det settast av noko tid til eventuelt-saker i alle møta. Slike saker kan meldast direkte til sekretær, i forkant av møtet.

Konklusjon i saka:

På bakgrunn av innspela som kom under denne drøftinga, vert rådet samde om at hovudtema i neste møte vert aktivitet kring forskning og innovasjon ( gjerne med fokus på forskargruppene), i tillegg til andre aktuelle saker som bør drøftast med rådet på det tidspunktet. Resterande innspel vil bli med i vurderinga, når rådet vel ut saker til møta framover.

Sak 5/22:  Møteplan for FHS fakultetsråd 2022/2023	D	 <p style="text-align: center;">Forslag til møtedatoar.docx</p> <p>(dobbelklikk på vedlagte element, for å opne det)</p>	<p>I tråd med mandatet, skal det haldast 3-4 rådsmøte i året, med møtevarigheit på inntil 3 timar.</p> <p>Vedlagt finn de forslag til datoar for møte i fakultetsrådet for 2022 og 2023.</p> <p>Møteplan blir vedteken etter drøftingar i møte.</p> <p>Det kan også drøftast om ein ønskjer fysiske og/eller digitale møte.</p>	20 min  14.05- 14.25
--	---	---	---	-------------------------------

#### Referat i sak 5/22: Møteplan for FHS fakultetsråd 2022/2023

##### Konklusjon i saka:

Rådet vart samde om å gjennomføre fire rådsmøte dette studieåret (haust 2022/vår 2023).

Medlemmane vart samde om følgande møtedatoar:

Tidspunkt	Lokasjon
Måndag 14.november kl.12:00-15:00	Bergen
Torsdag 19.januar kl.12:00-15:00	Digitalt
Torsdag 23.mars kl.12:00-15:00	Bergen

Sekretær sender ut møteinnkallingar fortløpande.

Sak 6/22: Val av leiar i FHS Fakultetsråd	D		Rådet vel leiar, som er ansvarleg for leiing av møta i rådet. Leiar kan vere ein ekstern representant.	20 min 14.25- 14.45
<b>Sak 6/22: Val av leiar i FHS Fakultetsråd</b> <u>Konklusjon i saka:</u> Dekan vart valt som leiar for FHS fakultetsråd.				
Sak 7/22: Eventuelt	D			10 min
<b>Referat i sak 7/22: Eventuelt</b> Det var ingen saker under eventuelt i dette møtet.				